

---

## Pål sine høner

---

Pål sine høno på haugan utslepte,  
hønun så lett over haugan sprang;  
Pål kunne væl på hønun fornema,  
ræven va ute mæ rumpa så lang;  
:/: klukk, klukk, klukk, sa høna på haugum; :/  
Pål han sprang og rengde mæ augom;  
"Nå tor e inkje kåmå heim åt'n mor!".

Pål han gjekk se litt lenger på haugjen,  
fekk han sjå ræven låg på høna og gnog;  
Pål han tok se ein stein uti neve,  
dugle han da te ræven slog;  
:/: ræven flaug, så rumpa hass riste; :/  
Pål han gret for høna han miste:  
"Nå tor e inkje kåmå heim åt'n mor!"

Hadd' e nå nebb og hadd' e nå klø  
og viste e bare kor ræven låg,  
skull' e døm både rispe og klore  
framma te nakkjen og bak over lår.  
:/: "Skam få alle rævan rauel! :/  
Gu' gjev at døm alle va daue!  
Så skull' e kåmå heim åt'n mor!"

Inkje kan ho verpa og inkje kan ho gåla,  
inkje kan ho krupe og inkje kan ho gå!  
E fæ gå mæ åt kvenne og måla  
og få at mjøle e miste igår!  
:/: "Men skit!" sa'n Pål, "e æ inkje bangen; :/  
kjeften og motet ha hjelpt nå så mangen,  
e tor nok væl kåmå heim åt'n mor."

Pål han konnet på kvenne te å sleppe,  
så at dæ ljoma i kor ein vegg.  
Så at agnan tok te å fljuge,  
og dei vart lange som geiteragg;  
:/: Pål han gav se te læ og te kneggje: :/  
"Nå fekk e like for høna og for egge,  
nå tor e trygt kåmå heim åt'n mor!"

**Forklaringer:**

**Opplysninger:**

